



# Innst. 36 S

(2010–2011)

## Innstilling til Stortinget fra finanskomiteen

Prop. 148 S (2009–2010)

### **Innstilling fra finanskomiteen om samtykke til å sette i kraft en overenskomst mellom Norge og Sankt Lucia om opplysninger i skattesaker**

Til Stortinget

## 1. Sammendrag

### 1.1 Innledning

Den 19. mai 2010 blei ein overeinskomst mellom Kongeriket Noreg og Sankt Lucia om opplysningar i skattesaker underskriven i Paris. Samtykke til underskriving blei gitt ved kongeleg resolusjon av 23. april 2010. Overenskomsten blei på vegne av Noreg underskriven av ambassadør Tarald O. Brautaset og på vegne av Sankt Lucia av ambassadør Michael Louis. Overeinskomsten vil tre i kraft 30 dagar etter at begge partane har gitt kvarandre melding om at nødvendige skritt er tekne for at avtala kan tre i kraft. Avtala får verknad for straffbare skattesaker frå denne dato og for andre saker frå og med det skatteår som byrjar på eller etter 1. januar i det kalenderåret som fylgjer etter det året da avtala trer i kraft.

### 1.2 Generelle merknader

Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling, OECD, vedtok den 9. april 1998 ei tilråding om tiltak mot skadeleg skattekonkurranse. Tiltaket tok i hovudsak sikte på å avvikle skadelege skatteregime i medlemslanda, men peikte også på behovet for å treffe sameinte mottiltak mot tilsvarende skatteregime i dei såkalla skatteparadisa.

Innan utløpet av 2005 var samlede skatteregime i medlemslanda som var definerte som skadelege etter dei vedtekne kriteria, endra eller under avvik-

ling som føresett. I mellomtida blei det teke kontakt med samlede jurisdiksjonar som ein mente var omfatta av kriteria for å utgjere eit skatteparadis. Det blei her gjort greie for prosjektet til OECD og invitert til dialog. Dersom eit definert skatteparadis var villig til å opne for innsyn og effektiv informasjonsutveksling med medlemslanda til OECD, ville det ikkje bli ført opp på lista over ikke-samarbeidsvillige skatteparadis som ville bli utsette for mottiltak.

Alle dei 38 jurisdiksjonane som blei definerte som skatteparadis, har nå gitt ei slik politisk bindande erklæring om innsyn og informasjonsutveksling til generalsekretæren i OECD. I samarbeid med dei første 11 av dei jurisdiksjonane som gav slik erklæring, har OECD utarbeidd ei modellavtale for effektiv informasjonsutveksling i skattesaker. Ho forpliktar avtalepartane til å utveksle alle relevante opplysninigar som vert vurdert naudsynte om eigarskap og transaksjonar, også frå banker, finansinstitusjonar og advokatar og andre rådgjevarar.

For å etablere det juridiske grunnlaget for effektiv informasjonsutveksling må det inngåast bilaterale overeinskomstar bygd på denne modellen med kvar einskild jurisdiksjon. Dei politiske erklæringane er i seg sjølv ikkje nok.

For å framskynde prosessen og for å gi dei nordiske landa større tyngd i forhandlingane vedtok Nordisk Ministerråd i juni 2006 å etablere eit felles nordisk prosjekt for den tekniske gjennomføringa av forhandlingar om slike avtaler. Det er nå gjennomført slike felles forhandlingar med ei rekke jurisdiksjonar. I alle tilfelle skal forhandlingane resultere i utkast til bilaterale avtaler mellom vedkommande jurisdiksjon og kvart av dei sju nordiske landa, herunder Færøyane og Grønland. Fleire avtaler er nå underskrivne. Frå norsk side har arbeidet vore leia av avdelingsdirektør Per Olav Gjesti, Finansdeparte-

mentet. Han har også leia styringsgruppa for prosjektet.

Eit utkast til avtale om opplysningar i skattesaker med Sankt Lucia blir nå lagt fram for underskriving. Utkastet følgjer i det alt vesentlege OECD sin modell.

Avtala skal inngåast på engelsk. Som vedlegg til proposisjonen følgjer utkastet til den engelske teksten og ei norsk oversetting.

Dei enkelte materielle føreseggnene i avtaleutkasta er kommentert i proposisjonen.

## 2. Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Thomas Breen, Gerd Janne Kristoffersen, Stein Erik Lauvås, lederen Torgeir Micaelsen, Torfinn Opheim, Anita Orlund og Dag Ole Teigen, fra Fremskrittspartiet, Ida Marie Holen, Ulf Leirstein, Kenneth Svendsen

og Christian Tybring-Gjedde, fra Høyre, Gunnar Gundersen, Arve Kambe og Jan Tore Sanner, fra Sosialistisk Venstreparti, Inga Marte Thorkildsen, fra Senterpartiet, Per Olaf Lundteigen, fra Kristelig Folkeparti, Hans Olav Syversen, og fra Venstre, Abid Q. Raja, slutter seg til regjeringens forslag om å sette i kraft en overenskomst mellom Norge og Sankt Lucia om opplysninger i skattesaker.

## 3. Komiteens tilråding

Komiteen rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak :

Stortinget samtykker til å sette i kraft en overenskomst mellom Norge og Sankt Lucia om opplysninger i skattesaker, underskrevet i Paris 19. mai 2010.

Oslo, i finanskomiteen, den 26. oktober 2010

**Torgeir Micaelsen**

leder

**Thomas Breen**

ordfører